

## Søknad

|   |   |           |      |          |
|---|---|-----------|------|----------|
| Søknadsnr.  | 2025-0056                                     | Søknadsår | 2025 | Arkivsak |
| Støtteordning                                     | LivOGLyst Vestland for lokalsamfunnsutvikling |           |      |          |
| Namn/tittel på<br>prosjektet (gjerne<br>førebels) | LivOGLyst søknad frå Flekke Grendalag         |           |      |          |
|   |   |           |      |          |

### Kva kommune/lokalsamfunn er fokusområde?

Bygda Flekke i Fjaler kommune.

## Kontaktopplysninger

| Funksjon                    | Navn  | Adresse/poststed                      | Mobil      |
|-----------------------------|---|---------------------------------------|------------|
| Navn på organisasjon        | FLEKKE GRENDALAG<br>Org.nr:994342592<br>oystein.s.haaland@gmail.com                                 | Flekkeklevane 2<br>6968 FLEKKE        | 99027336   |
| Person med signeringsrett   | Øystein S. Haaland, 15.01 1981  |                                       |            |
| Kontaktperson i kommunen    | Ingeborg Tysnes<br>Kommunalsjef Kultur og<br>samfunnsutvikling<br>Ingeborg.Tysnes@fjaler.kommune.no | Dalstunet 20<br>6963 DALE I SUNNFJORD | 988 65 054 |
| Prosjektleiar/kontaktperson | Øystein S. Haaland<br>oystein.s.haaland@gmail.com   | Flekkeklevane 2<br>6968 FLEKKE        | 99027336   |

## Prosjektbeskrivelse

### Fortel oss om kven som søker, og kvifor? Kvifor trengs LivOGLyst-programmet i dette lokalsamfunnet?

Me ynskjer å söke medlemskap i LivOGLyst-programmet gjennom Flekke Grendalag. Flekke er ei relativt lita bygd i utkanthoreg. Likevel opplever me tilflytting. Noko av grunnen til dette er eit par større arbeidsplassar i nærleiken:

\* Røde kors rehabiliteringssenter: <https://www.rkhr.no/>

\* United World College: <https://uwc.no/skolene/uwc-red-cross-nordic/>

Men det er også fleire tilfeller av folk ynskjer å flytte heim der dei vaks opp.

Grendalaget er ansvarlig for ein del kjerneaktivitetar i løpet av året. Jonsok, Olsok, Mikkelsmess og Julegrantenning. Me ynskjer å auke, samt strukturere aktiviteten i større grad. Dette innebærer både å hente inn meir informasjon om kva sambygdingane våre ynskjer seg, men også å skape arenaer der folk kan oppdage ting dei kanskje ikkje visste dei var interesserte i.

LivOGLyst-programmet vil gjere det mogeleg å formalisere prosjektarbeidet i Grendalaget, samt gjere det enklere å sette av tid til mer målretta arbeid med de ulike prosjekta.

**Ein viktig del av LivOGLyst-programmet er ei god mobilisering på tvers av lokalsamfunnet. Korleis kan dette prosjektet jobba med å nå ut til flest mogleg, og kartleggja ønskjar og behov frå eit mangfald av folk?**

Me har gjennom dei siste åra arrangert grendedag/grendemiddag 2-3 gonger i året. Tanken er at sidan det ikkje er noko restaurant i bygda, så skal ein kunne komme til ungdomshuset, gjerne rett etter skule/jobb, også få ete seg eit godt måltid. Folk treffast og kanskje gjer me kvardagen litt enklare for travle familiarar.

Dette ynskjer me for det fyrste å utvide, samtidig ser vi på det som ein god arena for nettopp å kartlegge ynskja og forstå behova til de ulike gruppene. Deltakarane på grendemiddagane er typisk mellom 4 og 90 og dekker et representativt utvalg av innbyggjarane i bygda.

Samtidig ser vi fleire mogelegheiter med å utnytte digitale kanalar for å kommunisere med sambygdingane. Vi opplever at fleire og fleire går glipp av arrangement som vert publisert på Facebook. Eit av tiltaka vi ynskjer å sette i gang er ei form for nyhendebrev som folk kan abonnere på, som kvar veke vil informere om hva som skjer i bygda. Vi trur også dette er noko som kan åpne for å få fleire tilbakemeldinger, og å lage spørjeskjema der me i større grad kan finne ut flere ynskjer og behov.

**Gi døme på aktivitetar og tiltak som prosjektet ønskjer å gjennomføra i hovudprosjektperioden?**

**Kven er med i prosjektstyret? (Dette kan gjerne vere førebels og endra seg undervegs. Det er viktig at prosjektstyret reflekterar mangfald og til dømes ikkje består av mange personar frå same interessegruppe.)**

Kjersti Reggestad

Anne Nikoline Bakkebø

Øystein S. Haaland

Arne Skaar Fismen

Cato Ness

Matthew Keracher

Anita Nyland Skaar

Alle i denne lista er interessert i å vere med for å jobbe for å skape meir aktivitet i bygda. Her er representantar frå miljøet rundt UWC, samt forskjellige aldersgrupper. Det er også god variasjon mtp arbeidsbakgrunn.

**Kommunen skal vere ein viktig samarbeidspart for LivOGLyst-prosjektet. Kven er andre moglege samarbeidspartar i lokalsamfunnet? (Til dømes næringsliv eller andre organisasjonar).**

Svint IL

Idrettslaget i bygda. Organiserer flere lågterskelaktivitetar som ikke vert opplevd som organisert idrett, som Postvei-trimmen og andre turaktiviteter.

Ungdomslaget

Ungdomslaget driv ungdomshuset, som diverre står tomt mykje av året. Me har flere ynskjer for tiltak i dette huset; nokre har me utforska litt, og andre har vi ikkje prøvd ut enno. Grendamiddagene, som nevnt tidligere, er ein av aktivitetane som soknar her.

Norconsult

Norconsult har eit lokalkontor i bygda der det jobbar 5-6 personar. Kontorbygget er primært for Norconsult, men det er likevel eit par kontor løyvd til andre leigetakrar.

UWC

United World College er et internasjonalt gymnas som held til i bygda. Me opplever at det ligg eit uutnyttet potensial i å samarbeide med dei. Foreløpig er det kun 17. Mai hvor vi opplever at bygda og elevene samles i betydningsfull grad, me ynskjer å sjå på mogelegheiter for andre aktivitetar der me kan knyte tettere band.

Rehabiliteringssenteret

Røde Kors Haugland Rehabiliteringssenter er ein spesalistinstitusjon innan fysikalsk medisin og rehabilitering. Dei gjev tilbod til pasientar med behov for intensiv, tverrfagleg rehabilitering i spesialisthelsetenesta.

Dei er ein ideell organisasjon som jobbar etter verdiane respekt og likeverd, og er opptatt av å ha eit ressursfokus i tilnærminga til pasientane.

## **Kostnad-/finansieringsplan**

**Kostnadsplan**

| <b>Tittel</b>   | <b>2025</b>   | <b>2026</b> | <b>2027</b> | <b>2028</b> | <b>2029</b> | <b>SUM</b>    |
|---|---------------|-------------|-------------|-------------|-------------|---------------|
| 01. Prosjektleiing  | 20 000        |             |             |             |             | 20 000        |
| 02. Mobiliseringstiltak og aktivitetar  |               | 40 000      |             |             |             | 40 000        |
| 03. Utgiftar for deltaking i LivOGList-nettverket (t.d. reise, overnatting, kurs) | 20 000        |             |             |             |             | 20 000        |
| <b>Sum kostnad</b>  | <b>80 000</b> |             |             |             |             | <b>80 000</b> |

**Finansieringsplan**

| <b>Tittel</b>                          | <b>2025</b>   | <b>2026</b> | <b>2027</b> | <b>2028</b> | <b>2029</b> | <b>SUM</b>    |
|--|---------------|-------------|-------------|-------------|-------------|---------------|
| *Søknadsbeløp frå LivOGList-programmet |               | 80 000      |             |             |             | 80 000        |
| <b>Sum finansiering</b>                | <b>80 000</b> |             |             |             |             | <b>80 000</b> |

**Geografi**

4646-Fjaler

**Vedleggsliste**

| <b>Dokumentnavn</b> | <b>Filstørrelse</b> | <b>Dato</b> |
|---------------------|---------------------|-------------|
|                     |                     |             |